

---

Vår referanse 2020/47720-7  
Dato 29.05.2020

---


HARBOUR CAYO AS  
c/o Sentrum Regnskapskontor AS Skuteviksboder 18 - 19  
5035 BERGEN

## Vedtak - Harbour Cayo - gnr. 166 bnr. 459 - Bergen kommune

Vestland fylkeskommune viser til dykkar søknad den 20.03.2020 om leige av offentleg areal til uteservering.

Søknaden gjeld leige av fortausareal langs fv. 577 Torget til uteservering for sesongen 2020. Det er søkt om bruk av areal til uteservering som er 1 m frå fasaden og 13 m langs fasaden til Torget 13. Det søkte arealet har ei rektangulær form og eit areal på 13 m<sup>2</sup>.

I 2019 vart leigearealet langs fv. 577 Torget 1 m frå fasaden og 6 m langs fasaden til Torget 13. Leigearealet hadde da eit areal på 6 m<sup>2</sup>.



*Kartutsnitt over søkt areal om leige av fylkeskommunalt fortausareal*



*Kartutsnitt over leigeareal utanfor Torget 13 i 2019*

### Generelt

Søknader om leige av fortausareal langs fylkesveg har tidlegare blitt handsama av Statens vegvesen i samarbeid med Bergen kommune, Bymiljøetaten. Vi viser til brev frå Vestland fylkeskommune datert 18.03.2020 med informasjon om at fylkeskommunen overtar handsaming av søknadane.

Vegareal sin primære funksjon er trafikkføremål for motoriserte køyretøy og mjuke trafikantar. I den grad uteservering ikkje kjem i konflikt med hovudføremålet eller andre gjeldande regelverk ønskjer vi å legge tiltrette for uteservering. Vi vil vurdere om det er grunnlag for å gjere vedtak om løyve til uteservering.

Med mindre vegstyresmakta har fatta vedtak om løyve, er det forbode å nytte offentleg vegareal til anna enn trafikkføremål jf. veglova § 57, 2. ledd, 2. punkt. Fylkeskommunen må godkjenne bruk av areal til uteservering både som grunneigar og vegstyresmakt.

### Vurderinga av saka

Fortausarealet langs fylkesvegen er smalt, og det er svært høg ferdsel på fortauet. I tillegg er det venteareal for buss på fortauet. I Torget har Vestland fylkeskommune lagt til grunn at ferdselssona på fortauet skal være 4 m sidan det er høg ferdsel på fortauet. Dette er grunnleggjande i at det resterande arealet skal samsvare med føresegn § 6.3 for kommunedelplan for sentrum som krev minimum 3 m fri fotgjengarbreidde. Vurderingane er gjort i samarbeid med plan- og bygningsetaten som har vurdert saka etter kommunedelplan sentrum, § 6.3.



Oversiktskart over kvar ein finn det søkte arealet

### Vedtak

Vestland fylkeskommune samtykker for heile 2020 til utleige av fortausareal ved fv. 577 Torget i 6 meters lengde langs fasaden og 1 meter ut frå fasaden langs Torget 13. Dette er det same arealet som i 2019. Totalt areal er 6 m<sup>2</sup>. Samtykket for dette arealet er eit enkeltvedtak etter veglova §§ 9 og 57.



Figuren viser ein illustrasjon av vedtatt leigeareal

Det er forbode å nytte eit større areal til uteservering enn det vegstyremakta har fatta vedtak om jf. veglova § 57, 2. ledd, 2. punkt. Det betyr at fysisk avgrensing av uteserveringa ikkje skal gå over dei grensene fylkeskommunen har vedtatt.

Til informasjon vil Vestland fylkeskommune revurdere bruken av areal til uteservering før utleigesesongen 2021. De må derfor ta høgde for at det kan bli endringar i utleigeforholdet ved eit seinare tidspunkt.

#### **Opplysning om klagerett**

Det er høve til å klage på vedtaket innan 3 veker etter at dette brevet er mottatt jf. Forvaltningslova §§ 28-36. Klage med grunngjeving skal sendast til Vestland fylkeskommune med følgande e-post: [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no). Hugs å merke med vårt saksnummer 2020/47720.

#### **Saksgangen vidare og annan informasjon**

Tilbod om leigeavtale vil Vestland fylkeskommune sende dykk i eit eige brev. De kan berre starte utesevering på arealet som er vedteke når leigeavtalen er underskriven.

Dette brevet må ligge tilgjengeleg på serveringsstaden for eventuell kontroll.

Med helsing

Hege Løvteit  
Leiar

Marita Onarheim Rong  
ingeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

BERGEN KOMMUNE BYMILJØETATEN Postboks 7700